

Oppsummering frå kaffimøte 06.09.16

Tilstade: Ordførar samt 24 deltarar frå næringslivet. Møtet byrja med ein presentasjonsrunde for å bli kjende med kvarandre.

Tema:

1. Korleis skal kaffimøta være?

Kaffimøta skal ha ein uformell karakter der næringslivet møter kvarandre og kommunen. Det er ynskjeleg å ha spesielle tema for møta saman med ein bok der ein pratar om det som er aktuelt.

2. Kva skjer i Gol kommune?

Ordføraren orienterte om følgjande punkt:

- Masterplan for Hallingmo
 - Oppstart no i haust og alle arbeidsdokument er offentlege og ligg på kommunens nettsider
 - Arbeidet handlar om ein heilheitleg plan for idretts og skuleområdet, infrastruktur og koordinering
 - Perioden utover tar for seg datainnsamling og dialog samt innhenting av innspel frå brukar og eller interessegrupper
 - Tore Næss sit som representant for næringen i arbeidsgruppa
 - Arbeidet har ein framdrift til jul der ein rapport er førespegla å være ferdig den 30/11
- Tredje avkøring til Gol
 - Signert kontrakt med entreprenør
 - Gjennomføringsavtale med SSV er skrevet og signert
 - Arbeidet har oppstart i oktober 2016, og arbeidet startar med rundkøyringa på Rv.7.
 - Førespegla ferdig til summaren 2018.
- Stamvegløysing aust-vest
 - RV 52 er anbefalt for andre gong av Statens Vegvesen
 - Strekninga Gol – Svenkerud ligg inne i Nasjonal Transport Plan siste del, høg ramme
 - Gol – Robru løysingar vurderast ved 3 forskjellige trasear ECO/Geiteryggen/Tredje avkøring
 - Endleg politisk avgjerd om stamveg og Nasjonal Transport Plan er våren 2017
- Gol Reisemål
 - Gol kommune og GRM skal revidere avtale i haust
 - Det er fortsatt eit ynskje frå kommunen om å bruke GRM som verktøy for arbeid mot reise og næringsliv
- Revidering av kommuneplan
 - Planstrategi som beskriv kva for planar som skal prioriterast for Gol kommune er lagt ut på høyring
 - Det leggast opp til at kommunedelplanen for Gol tettstad reviderast først med fokus på Hallingmo, næringsareal, boareal
 - Oppstart for planarbeidet startar i 2016
 - Næringsplanen er ikkje føreslått revidert

- Kommunen har ikkje kommuneplanleggjar og stillinga står vakant, det vert derfor leigd inn fagkompetanse
 - Samfunnsdelen som styrar arealdelane reviderast no i haust
 - Kan det væra aktuelt å bruke eit av kaffimøta til innspelsmøte i revideringsperioda?
- Fleir brukshall
 - Signert kontrakt med entreprenør
 - Detaljprosjektering pågår for fullt
 - Sprengningsarbeidet er ferdig og det er klart for støypling
 - Ferdigstilling til skulestart 2017
 - Delt bruk mellom kommunen og idrettslaget: Kommunen disponerer hallen på dagtid, medan idrettslaget disponerer den etter kl. 16.00 på kvardagar samt i helgar

Det kom innspel på fleire tema som ein kan setta opp i møta utover hausten:

- Arrangement i Gol
- Nyskapningar
- Presentasjon av kommunalsjef for samfunn og utvikling
- Status Gol 2016 (tal på næringer, varme/kalde senger, med meir)

Andre ting som kom fram på møtet:

- Ynskje om å starte 08.30 i staden for 09.00 og ha 1 ½ time til disposisjon, 1 time blir for lite.
- Ynskje om kart, tankar om utvikling, opsjonar på/av Vikojordet som no realiserast ved bygging av tredje avkøyring og infrastruktur
- Innspel til Gol kommune på tanken og nytten av delinga av kommuneplanen med kommuneplan/kommunedelplan for Gol tettstad
- Ynskje om eit møte mellom grunneigarar, kommunen og politikarar for blå/gule tomter utfordringar på Golsfjellet, dette i eit eige møte

Neste møte: 04.10.16 kl. 08.30 på Solstad Hotell.

Vel møtt!